

Oppdragsgivar

**HORDALAND FYLKESKOMMUNE**

Dokument type

**FUNKSJONSPROGRAM – FØREBELS VERSJON**

Dato

**Rev. 2014-01-09**

**HORDALAND FYLKESKOMMUNE**

**NYE VOSS GYMNAS**

**NYBYGG/OMBYGGING**

**FUNKSJONSPROGRAM - OPPSUMMERING**



## A ORIENTERING - SAMANDRAG

### A0 GENERELT- BAKGRUNN

#### **Generelt**

Fylkestinget har vedteke at Nye Voss gymnas skal etablerast på Skulehaugen i tilknytning til eksisterande Voss gymnas.

Den nye skulen vil få 590 elevar og ca 130 tilsette og tilby opplæring innan:

- Studiespesialisering
- Studiespesialisering med formgiving
- Musikk, dans og drama
- Idrettsfag
- Service og samferdsel
- Design og handverk
- Helse og oppvekstfag
- Påbygg studiekompetanse
- Innføringskurs for minoritetsspråklege

I tillegg vil skulen vere sentralt VO-senter for regionen med ansvar for 120 elevar. Elevane kan i praksis delta på kurs som vert arrangert på dei andre skulane i regionen.

I tillegg til spesialareal knytt til dei enkelte utdanningsprogram, blir det etablert fellesfunksjonar som vestibyle/skoletorg, kantine, auditorium, bibliotek og idrettshall samt arbeidsplassar for leing, rådgivarar, pedagogisk personell, driftspersonell etc.

Den eksisterande skulen på Skulehaugen har i dag ca 350 elevar. Samla auke i elevtal vil utgjere om lag 240.

Programmert bruttoareal BTA nybygg og ombygging er ca 13 800 m<sup>2</sup>, mens reelt areal er noe større (15.132 m<sup>2</sup>) sidan alt areal i eksist. hovudbygg ikkje kan nyttast til undervisningsføremål og sidan romstruktur, størrelse på rom og plassering av arealer/funksjoner ikkje kan nyttast like effektivt som i eit rasjonelt og arealeffektivt nybygg.

#### **Lokalisering og planforhold**

Ny reguleringsplan for Skulehaugen er godkjend av kommunestyret i Voss kommune 28.11.13. Planen har vore ute til andre gongs høyring sumaren 2013.

#### **Bakgrunn – Ny skulestruktur på Voss**

I samband med Hordaland fylkeskommune sine planar for ny skulestruktur på Voss og med bakgrunn i Fylkestinget sitt vedtak av 13.06.07 om utdanningsprogram, skal dei fem vidaregåande skulane på Voss bli til to skular og få namna Nye Voss gymnas og Nye Voss vidaregåande skule.

Nye Voss gymnas skal lokaliserast på Skulehaugen. Yrkesfaga Design og handverk, Service og

samferdsel og Helse og oppvekstfag skal overførast frå Rogne vidaregåande skule, Voss vidaregåande skule og Voss husflidskule.

Den andre skulen vert bygd opp rundt den eksisterande jordbrukskolen på Skulestadmoen og får namne Nye Voss vidaregåande skule. I tillegg til jordbrukskolen skal delar av undervisingstilbodet ved noverande Voss vidaregåande skule på Bryn og Rogne vidaregåande skule lokaliserast til den nye skulen på Skulestadmo.

## **Politiske vedtak**

### **«VEDTAK (11.12.2012)**

1. Fylkestinget vedtek følgjande vedkomande skole- og tilbodsstruktur på Voss:

a) Det skal som tidlegare bestemt etablerast to vidaregåande skolar på Voss; Nye Voss gymnas og Nye Voss vgs. Fagtilboda på Nye Voss vgs skal samlokalisert på Skulestadmoen.

b) Fagtilbod og dimensjonering på Nye Voss gymnas vert som vist i tabell i saksutgreiinga. Dette inneber m.a. at musikktilbodet vert oppretthalde. Studiespesialisering (ST) vert utvida til 2 fulle parallelar. Påbyggingskurs til generell studiekompetanse (PÅ) vert plassert på gymnaset, medan Elektrofag (EL) og Grupper for særskilt tilrettelagt opplæring (TO) vert plassert på Nye Voss vgs. Medium og kommunikasjon (MK) vert eit programfag (Medium og informasjonskunnskap) på Vg2 studiespesialisering ved Nye Voss gymnas. Restaurant og matfag (RM) vert plassert på Nye Voss vgs.

c) Dimensjonering av yrkestilboda på Nye Voss vgs vert gjort i saka i mars 2013.

2. Skoleutbygginga på Voss vert gjennomført slik:

a) Fylkestinget ber fylkesrådmannen sjå om det er råd å ta gymsalen ut av totalenterprisen med oppstart så snart som råd. Informasjon vert gjeve fram imot endeleg vedtak. Det er naudsynt å få framdrift i samlokaliseringa, då Vossaskulane og befolkninga i regionen no har venta lenge nok på iverksetjing av vedtaka kring ny skulestruktur på Voss.

b) Fase 1: Byggje gymsal, klasserom, lærararbeidsplassar og leggje til rette for EL og TO-lokalar på Nye Voss vgs. Planlagt ferdig: Hausten 2015.

c) Fase 2: Rehabilitering og utbygging av Nye Voss gymnas. Planlagt ferdig: Hausten 2017.

d) Fase 3: Full samlokalisering av nye Nye Voss vgs på Skulestadmo ved å byggje nye verkstader til erstatning for Bryn. Tidsplan må avklarast i saka i mars 2013.»

### **Vedtak FT (12.03.13) :**

#### **«7. Fylkestinget vedtek følgjande vedkomande skule- og tilbodsstruktur i region Voss og Hardanger:**

**d. Nye Voss vgs** vert etablert med fagtilbod og dimensjonering som vist i saksutgreiinga. Dette inneber at utdanningsprogramma bygg- og anleggsteknikk (BA), elektrofag (EL), naturbruk (NA), restaurant og matfag (RM), teknikk og industriell produksjon (TIP) og TO-tilbod vert samla på Nye Voss vgs. Skulen vil og ha tilbod for lærlingar med full opplæring i bedrift (lærlingskole). Skulen vert samlokalisert på Skulestadmo. Skoleanlegget på Skulestadmo vert utvida og rehabilitert. Før skulen er fullt utbygd vil BA og TIP halde fram

med undervisning på Bryn. Deretter kan lokala på Bryn fristillast. Utbygginga på Nye Voss vgs må skje samanhengande slik at samlokalisering skjer innan 2016.

**e.** Fagtilbod og dimensjonering på **Nye Voss gymnas** vert som vedtatt i sak 72/12, men innføringskurs for minoritetsspråklege vert dimensjonert ned til 20 elevar, då tilboda og vert oppretthalde i Kvam og Odda. Skulen vert utbygd og rehabilitert som planlagt.»

## **OPPLÆRINGSTILBOD VED SKULEN**

Den eksisterande skulen på Skulehaugen, Voss gymnas, har i dag ca 350 elevar fordelt på tre studieretningar.

Det er i dag ca. 70 tilsette ved skulen (50 pedagogisk personell og 20 ikkje-pedagogisk personell).

Voss vidaregåande skule har i dag ca. 270 elevar og 80 tilsette (53 pedagogisk personell og 27 ikkje-pedagogisk personell). Skulen er lokalisert på 3 stader.

Av dagens elevmasse vil ca 125 elevar frå utdanningsprogramma Design og handverk, Service og samferdsel, Påbygg til generell studiekompetanse og Innføringskurs for minoritetsspråklege høyre til det nye skulesenteret på Skulehaugen.

Rogne vidaregåande skule har i dag ca 100 elevar og 29 tilsette. Av elevmassen vil om lag 60 elevar på Helse og oppvekstfag høyre til skulesenteret på Skulehaugen.

Voss husflidskule har i dag 120 elevplassar og ca 25 tilsette og utdanningsprogramma Media og kommunikasjon og Studiespesialisering med formgjevingsfag. Heile skulen skal flyttast til den nye skulen på Skulehaugen.

Øvrige undervisningsprogram for Rogne vgs og Voss vgs vil bli lagt til skulesenteret i Skulestadmoen.

## **BRUK AV EKSISTERANDE BYGG ETC.**

Innanfor skuleanlegget på Skulehaugen ligg det monumentale hovudbygget frå då skulen starta i 1919 som Noregs eldste landsgymnas, samt tilbygg som kom til på 60-talet.

I prosjektet er det forutsatt at dei nyare tilbygga samt gamal rektorbustad og kantinebygget skal rivast for å lage plass til ein meir moderne og effektiv skule, samstundes som ein tek vare på den verneverdige hovudbygningen og let denne få behalde sin sentrale historieforteljande funksjon som "grunnsteinen" i Voss gymnas, og som signalbygg visuelt sett.

I hovudbygget har ein forutsatt at det vert gjennomført mindre ombygging og tilpasningar for å få innplassert dei generelle undervisningsromma i funksjonsprogrammet for studiespesialisering (ST), påbygging (PÅ), minoritetsspråklige (MIN) og vaksenopplæring (VO) mens skolebygget er i drift. I tillegg vil også andre funksjonar frå funksjonsprogrammet kunne leggjast til eksisterande bygg.

Bygget må få ei begrensa ombygging til bruk som er vist i eigne arealdiponeringskisser som er vedlagt.

Det framgår av arealskjema og overnevnte skisser en relativt stor arealdifferanse mellom programmert bruttoareal (13.777 m<sup>2</sup> BTA) og reelt bruttoareal med samlet areal i eksist. hovudbygg (15.132 m<sup>2</sup>). Dette skuldast at en del arealer er regnet som disponibelt areal og unyttbart areal (spesielt i kjeller). Ved at ein behald og til dels tilbakefører hovedstrukturen i bygget vil i tillegg romstørrelser og antall rom ikkje korrespondere med romlisten i byggeprogrammet.

Siden byggeprogrammet er tenkt gjennomført som ein pris- og designkonkurranse med samspill og etterfølgjande totalentreprise må ein samstundes gje konkurransedeltakarane moglegheit til å foreta eigne val når det gjeld utnytting av det som er set av til disponible areal.

Det vil truleg i tillegg bli behov for ein mindre mellombels skole (modulbygg) på Skulehaugen for event. å dekkje arealbehov til administrasjon, leing, spesialromsfasilitetar etc. i byggetida.

Opplæringsprogram for Nye Voss gymnas er etter siste politiske vedtak i mars 2013 som følgjer:

| <b>NYE VOSS GYMNAS</b> |  |                             |
|------------------------|--|-----------------------------|
| <b>Nivå</b>            | <b>Programområder</b>                    | <b>Elevar<br/>(program)</b> |
| VG1                    | Studiespesialiserande                    | 30                          |
| VG1                    | Studiespesialiserande                    | 30                          |
| VG2                    | Studiespesialiserande realfag            | 30                          |
| VG2                    | Studiespesialiserande språk, samfunnsfag | 30                          |
| VG3                    | Studiespesialiserande Realfag            | 30                          |
| VG3                    | Studiespesialiserande språk, samfunnsfag | 30                          |
| VG1                    | Studiespesialiserande med Formgiving     | 15                          |
| VG2                    | Studiespesialiserande med Formgiving     | 15                          |
| VG3                    | Studiespesialiserande med Formgiving     | 15                          |
| VG1                    | Idrettsfag Toppidrett                    | 15                          |
| VG1                    | Idrettsfag                               | 30                          |
| VG2                    | Idrettsfag Toppidrett                    | 15                          |
| VG2                    | Idrettsfag                               | 30                          |
| VG3                    | Idrettsfag Toppidrett                    | 15                          |
| VG3                    | Idrettsfag                               | 30                          |
| VG1                    | MDD                                      | 15                          |
| VG2                    | Musikk                                   | 15                          |
| VG3                    | Musikk                                   | 15                          |
| VG1                    | Design og håndverk                       | 15                          |
| VG2                    | Frisør                                   | 15                          |
| VG1                    | Helse- og oppvekstfag                    | 15                          |
| VG1                    | Helse- og oppvekstfag                    | 15                          |
| VG2                    | Barne- og ungdomsarbeiderfag             | 15                          |
| VG2                    | Helsearbeiderfag                         | 15                          |
| VG3                    | Påbygg                                   | 15                          |
| VG3                    | Påbygg                                   | 30                          |
| VG1                    | Service og samferdsel                    | 15                          |
| VG2                    | Reiseliv                                 | 15                          |
|                        | Innføringskurs Minoritetsspråklege       | 20                          |
|                        | <b>Sum vgs</b>                           | <b>590</b>                  |
|                        | Vaksenopplæring                          | 30                          |
|                        | <b>Sum inkl VO</b>                       | <b>620</b>                  |

## A1 Areal - Romprogram

### NYE VOSS GYMNAS - Byggeprogram - Areal skjema



#### AREALOPPSUMMERING

| C0              |   | AREAL SUM m <sup>2</sup> NTA | AREAL SUM m <sup>2</sup> BTA | ELEVAR | AREAL PR. ELEV. |
|-----------------|---|------------------------------|------------------------------|--------|-----------------|
| C1              | FE FELLESEFUNKSJONAR                      | 1 698                        | 2 292                        | 590    | 3,9             |
| C1.6            | FE IDRETTSHALL                            | 2 019                        | 2 524                        | 590    | 4,3             |
| C2              | AD ADMINISTRASJON-LEIING-ELEVTENESTER     | 511                          | 690                          | 590    | 1,2             |
| C3              | TEKNISKE ROM/DRIFTSFUNKSJONAR             | 1 177                        | 1 589                        | 590    | 2,7             |
| C4              | ST STUDIESPESIALISERING/GEN. U.ROM        | 1 605                        | 2 167                        | 180    | 12,0            |
| C5              | ID IDRETTSFAG                             | 909                          | 1 136                        | 135    | 8,4             |
| C6              | MDD MUSIKK-DANS-DRAMA                     | 677                          | 914                          | 45     | 20,3            |
| C7              | ST-FO STUDIESPES. m/FORMGIVING            | 625                          | 844                          | 45     | 18,8            |
| C8              | ST-PÅ PÅBYGGING TIL GEN. STUDIEKOMPETANSE | 204                          | 275                          | 45     | 6,1             |
| C9              | DH DESIGN OG HANDVERK                     | 208                          | 281                          | 30     | 9,4             |
| C10             | SS SERVICE OG SAMFERDSEL                  | 226                          | 305                          | 30     | 10,2            |
| C11             | HO HELSE OG OPPVEKST                      | 378                          | 510                          | 60     | 8,5             |
| C12             | MIN INNFORINGSKURS MINORITETSSPRÅKLEGE    | 72                           | 97                           | 20     | 4,9             |
| C13             | VO VAKSENOPLÆRING                         | 105                          | 142                          | 30     | 4,7             |
| SUM             | Nettoareal NTA eks idrettshall            | 8 395                        |                              |        |                 |
| SUM             | Nettoareal NTA inkl. idrettshall          | 10 414                       |                              |        |                 |
| Areal pr. elev: |   |                              |                              |        |                 |
| SUM             | Bruttoareal BTA eks idrettshall           |                              | 11 242                       |        | 18,13           |
| SUM             | Bruttoareal BTA inkl idrettshall          |                              | 13 766                       |        | 21,82           |

elevtal eks VO

NB! Elevtal inklusiv VO  
NB! Elevtal inklusiv VO


RAMBOLL © LINBRG

#### Utrekning som gir oversikt over areal ombygging og areal nybygg:

|                 |   |        |       |
|-----------------|---|--------|-------|
| SUM             | Netto arealbehov NTA eks idrettshall                | 8 395  |       |
| SUM             | Netto arealbehov NTA inkl. idrettshall              | 10 414 |       |
| -               | Nettoareal lagt til eksisterende bygg               | 1 582  |       |
| SUM             | Nettoareal nybygg ekskl. idrettshall                | 6 813  |       |
| SUM             | Nettoareal nybygg inkl. idrettshall                 | 8 832  |       |
| SUM             | Bruttoareal BTA nybygg eks idrettshall              | 9 198  |       |
| SUM             | Bruttoareal BTA nybygg inkl idrettshall             | 11 721 |       |
|                 | Bruttoareal ombygging/rehabilitering                | 3 400  |       |
| Areal pr. elev: |   |        |       |
| SUM             | Bruttoareal BTA ombygging + nybygg eks idrettshall  | 12 598 | 20,32 |
| SUM             | Bruttoareal BTA ombygging + nybygg inkl idrettshall | 15 121 | 24,39 |

## A2 ORGANISERING

### Prosjektorganisasjon



- Eigeomsseksjonen er brukarkoordinatør og har prosjektleiinga med spesielt ansvar for funksjonelle og tekniske krav samt kostnader/kalkyle i programfasen.
- Brukarrepresentantane har gjennom prosessen aktivt gitt innspel til program og funksjonskrav.
- Programmeringsarkitekt er engasjert gjennom rammeavtale HFK 11-037.

### Brukarprosess

Brukarprosessane knytt til dei nye vidaregåande skulane på Voss starta opp i september 2011. Arbeidet vart vedteke sett på vent vinteren 2012 i påvente av at ny skulebruksplan vart vedteken.

Arbeidet for Nye Voss gymnas starta opp igjen våren 2013 med 5 brukarmøter fram til november 2013. I tillegg har det vore ei rekke sær møte knytt til spesialfunksjonar og dei enkelte utdanningsprogramma.

### **A3 TID/FRAMDRIFT**

Utbygginga på Skulehaugen skal skje i eit byggetrinn med planlagt byggestart medio 2015 og ferdigstilling innan skulestart 2017.

### **A4 ØKONOMI**

Tiltak som er omhandla i programprosessen er av Eigedomsavdelinga vurdert å ha eit totalt kostnadsomfang på ..... MNOK ekskl. marginar og prisstigning.



